



# **DRAGEN**

**HUMANISTISK ORIENTERT TIDSSKRIFT**

Utgitt av Hovedfagsstudenter og Dr.art. kandidater ved  
den allmennvitenskapelige høyskolen, Universitetet i Trondheim.

1

ÅRGANG 5

NUMMER

JANUAR 1992

N.kr. 40,-

**INNHOLD:****NUMMER-1'92****LEDER**

Torbjørn Korsvold ..... 5

**ARTIKLER**

## THESIS PROPOSAL AND STUDY PLAN FOR A CAND.PHOL. DEGREE...

Adams B. Bodomo ..... 7

## VEGEN FRAM MOT SPRÅKFREDSNEMNDA

Oddmund Hoel ..... 17

## REALITY AND REFERENCE

Lars G. Johnsen ..... 29

## HANDELS-OG HÅNDVERKS-LIBERALISERINGENE...

Pål Thonstad Sandvik ..... 57

## TEKNOLOGIVURDERING I EIN HISTORISK TRADISJON...

Øyvind Thomassen ..... 71

**DEBATT/KOMMENTAR**

## INNLEDING ..... 114

## NORSKEGET OG VÅR NASJONALE SJØLFORSTÅING

Jan Terje Faarlund ..... 115

## EIN HOVDEAGSSTUDENT SINE TANKAR OM NORDISKSTUDIET

Laila Sakshaug ..... 119

**BOKOMTALER**

## JØRGEN HAUGAN: 400-ÅRSNATTEN-NORSK SELVFORSTÅELSE VED EN KORSVEI

Hans Petter Bakketegj ..... 121

(se også innlegg under DEBATT/KOMMENTAR)

# VEGEN FRAM MOT SPRAKFREDSNEMNDA

**NOKO OM DEN MÅLPOLITISKE KURSENDRINGA  
TIL ARBEIDARPARTIET 1945 - 1964.<sup>1</sup>**

Av Oddmund Hoel

## 1. INNLEIING

23. mars 1991 var det 25 år sidan Vogt-komitéen eller Språkfredsnesnnda<sup>2</sup> la fram tilrådinga si. Nemnda kom til å verta det endelege steget bort frå den statlege samnorskpolitikken. Ho kom etter mest 20 år med skarp målstrid.

Det er ikkje skrive så mykje om etterkrigstida i språkhistoria, og noka fullstendig utgreiing om vegen fram mot det offisielle brotet med samnorskpolitikken er ikkje skrive. Sume sider av denne bolken i språkhistoria er fest til papiret, men mange sider har ikkje vore framme. Denne artikkelen freistar ikkje gje noka fullstendig framstilling, men han skal ta opp nokre av dei sidene som til no har kome litt i bakgrunnen.

Emnet for artikkelen er den målpolitiske kursendringa i Arbeidarpartiet midt på 60-talet då partiet gjekk bort frå samnorskpolitikken og slo inn på ein målpolitisk 'trø-vatnet'-politikk'. Eg vil serleg sjå på tilhøvet mellom Arbeidarpartiet og riks-målsrørsla. Denne bolken er i målsoga kalla 'riksmålsreaksjonen'<sup>3</sup>, og det er naudsynt å nyttja ein del plass på denne rørsla som utan tvil var den sterkeste målpolitiske krafta i desse åra.

Artikkelen er i stor grad bygd på framstillinga til ein av dei sentrale aktørane, Trygve Bull, og må lesast med dette for auga.

## 2. ARBEIDARPARTIET OG MÅLSTRIDEN

### 2.1 1930-TALET: PARTIET MÅ TA STANDPUNKT

Då Arbeidarpartiet tok over den leiande stillinga i norsk politikk etter Venstre på 30-talet, måtte partiet velja ein målpolitisk kurs. I 1929 sette sentralstyret ned ei nemnd som skulle greia ut kva syn partiet skulle ha til mål- og kulturspørsmål<sup>4</sup>. Formannen i nemnda var den leiande målpolitikaren i Arbeidarpartiet heile mellomkrigstida, Halvdan Koht. Han la fram tilrådinga frå nemnda på landsmøtet i 1930 og konkluderte med at partiet måtte gå bort frå nøytralitetslinja i målspørsmålet. Fråsegna slo fast at partiet skulle "stri for ekte folkemål" og vona at framtida "kann føre dei i hop i einskap"<sup>5</sup>.

I 1936 vart samnorskpolitikken offisielt (men vagt) slegen fast med orda "breiare plass for folkemålet" i partiprogrammet. AUF tok steget fullt ut i 1937 og vedtok

i kulturprogrammet: "Det arbeides for en utvikling av et samnorsk sprog på folkemålets grunn"<sup>6</sup>.

Samnorskpolitikken hadde ei prinsipiell grunngjeving som høvde godt for eit sosi-aldemokratisk parti. Han hadde ein sosial brodd mot overklassa og riksmalet. Samstundes markerte han fråstand til den nasjonale ideologien som rådde i målrørsla i ei tid arbeidarrørsla var klårt anti-nasjonal. Strategien som samnorskpolitikken streka opp, høvde òg for partiet: Framfor å hiva ut eitt mål (dansken) og å setja eit anna i staden (norsken), skulle målstriden løysast gjennom samarbeid. Den "naturlege" utviklinga skulle på lang sikt føra dei to skriftmåla saman og samla landet kring samnorsken. Politikken hadde appell til det folkelege og jordnære medan han på same tid hadde eit endeleg mål som låg langt inn i framtida og var sers lite konkret.

Likevel hadde nok dei færreste i partiet teke eit medvite målpolitisk standpunkt. Ut frå eit skjema-materialistisk samfunnssyn var både kultur og mål uviktig, det var løn, eigedomsrett og produksjonstilhøve som kravde medvit og politisk deltaking. I tillegg fanst det både målfolk og riksmaalsfolk i partiet. Då partiet måtte ta standpunkt vart det difor om å gjera å sleppa kløyving, og samnorskpolitikken var såpass lite konkret at det var mogleg å samla partiet om han.

I 1938 vart den nye rettskrivinga vedteke. Rettskrivinga drog i same lei som ho frå 1917. Rettskrivinga gjekk langt i samnorsk lei og var ein siger for Arbeidarpartiet og Halvdan Koht. Mange av dei formene som hadde kome inn i 1917-rettskrivinga vart no obligatoriske. Vedtaket valda først store protestar frå den fløyen av målrørsla som ikkje stod bak samnorskpolitikken. Med kraftig press frå midten av 30-talet og fram til 1938 hindra målrørsla med professor Gustav Indrebø i spissen at m.a. i-formene (soli, brui) vart forbodne<sup>7</sup>.

## **2.2 RIKSMÅLSRØRSLA GÅR TIL MOT-ÅTAK**

Medan målrørsla streid mot den nye rettskrivinga gjennom heile prosessen, let dei sterkeste reaksjonane frå riksmaleshald venta på seg til verknadene av den nye rettskrivinga vart synlege. Det vidgjetne Oslo-vedtaket frå 2. mars 1939 vart eit førebels klimaks for samnorskpolitikken, og dette vedtaket var nok den handhevinga av samnorskpolitikken som fekk mest å seia for motstandenbylgja som seinare reiste seg. Eit samnorskhusa skulestyre i Oslo avgjorde at skulen skulle nytta dei formene "som ligger nærmest barnets talemål og er ens for bokmål og nynorsk" i undervisninga. Skulane skulle òg velja lærebøker og andre prenta hjelpemiddel "som - så langt råd er - har fellesformer"<sup>8</sup>.

Den fyrste stormen kom i Bergen 3. desember 1939 frå Arnulf Øverland<sup>9</sup>. Øverland reiste rundt i landet på ein föredragsturne og heldt det vidgjetne föredraget "Er vort sprog avskaffet?". I mars 1940. 9. april skulle Riksmaalsförbundet halda massemøte i Oslo, men dette møtet vart avlyst av forstælelege grunnar.

Målstriden vart mellombels lagt på is under krigen, men etter ei intern landssvi-

koppgjerd i Riksmålsforbundet sumaren 1945 stod forbundet etter budd til strid.

På få år bygde Riksmålsforbundet seg opp frå inkje til ei masse-rørsle. I spissen hadde dei personlegdomar som André Bjerke, Arnulf Øverland og Sigurd Hoel, og forbundet gjekk til åtak på samnorsken og målrørsla på brei front.

I Oslo-området og i dei største byane greidde Riksmålsforbundet å mobilisera store folkemengder i protest mot samnorskrettskrivinga. Serleg var det lærebøkene i skulen som vekte reaksjonar. Norsk-danske klassikarar som Ibsen og Bjørson var omsette til 1938-bokmål, og ungane lærte å skriva etter den nye rettskrivinga. Riksmålsforbundet dreiv massemobiliseringa og den enklaste og mest vulgære propagandaen gjennom nærskyldde organisasjonar som 'Norsk Lytterforening', 'Foreldrebevegelsen mot samnorsk' og 'Foreldrebevegelsen i sprogsaken'.

Utetter i distrikta stod kampen mot nynorsken i sentrum. Framgangen for nynorsk mål i folkeskulen hadde vore stor sidan dei fyrste skulekrinsane tok i bruk landsmålet i 1890. Toppa vart nådd i 1944 då 34.1 % av elevane hadde nynorsk som hovudmål. Med eit godt planlagt og gjennomført arbeid fekk riksmålsrørsla redusert nynorskdelena i skulen til 21.5 % i 1962<sup>10</sup>.

Staten heldt fram å konsolidera samnorskpolitikken i åra etter krigen. Likevel tok strategane i Arbeidarpartiet til å lika seg mindre og mindre etter kvart som motstanden mot politikken og oppslutnaden om Riksmålsforbundet auka. Samnorskpolitikken som skulle samla partiet og folket og få målstriden ut or verda, hadde ført til det motsette: Frontane var hardare og klimaet kaldare enn nokon gong før, og Arbeidarpartiet stod midt oppe i målstriden.

### 2.3 ARBEIDARPARTIET BYRJAR RETTETEN

Alt i 1950 vart dei fyrste opptaka gjorde frå sentralt hald i partiet for å leggja om målpolitikken. Ein januarkveld i 1950 kom nokre av dei leiande politikarane i partiet saman i eit høgst uoffisielt møte på hybelen til statsråd Lars Moen. Initiativtakaren til møtet var statsministeren sjølv, Einar Gerhardsen. Her møtte både Halvdan Koht, Kåre Fostervoll, Bernhof Ribsskog, Gustav Natvig-Pedersen, Karsten Heli, Olav Larssen, Olaf Solumsmoen, Helge Sivertsen, Trygve Bull og Hans Vogt. Møtet vedtok etter ikkje lite tautrekking å få gjort om 'Oslo-vedtaket' frå 1939 og innleia ein open retrett. For det andre skulle planane om ei offentleg språknemnd skundast på, og for det tredje skulle Trygve Bull få "overlatt initiativ, ansvar og ledelse i det vanskelige spørsmål"<sup>11</sup>.

Andre del av vedtaket vart sett ut i livet 3. april 1952 då Norsk Språknemnd vart skipa etter mykje bråk<sup>12</sup>. Fyrste delen av vedtaket måtte venta noko lenger - til 28. juni 1954. Då gjekk Oslo skolestyre atende på vedtaket frå 1939. Påskotet til denne retteten var eit rettsforlik mellom 'Foreldrebevegelsen i sprogsaken' og Kyrkje- og undervisningsdepartementet<sup>13</sup>. Og Trygve Bull heldt fram i rolla som brubyggjar og stille diplomat.

## 2.4 UOFFISIELL KONTAKT MELLOM ARBEIDARPARTIET OG RIKSMÅLSFORBUNDET

Allereie i 1966 skreiv Einar Haugen i *Riksspråk og folkemål* at ein “med en viss sikkerhet” (s.228) kunne seia at det hadde vore kontakt mellom Riksmålsforbundet og Arbeidarpartiet i dei harde stridsåra før Språkfredsnesnemnda vart sett ned. Kjelda til Haugen er truleg eit brev han fekk av Trygve Bull i februar 1964, berre tre veker etter at nemnda vart sett ned<sup>14</sup>.

Den fyrste kontakten kom i stand i 28. juni 1955<sup>15</sup>. Trygve Bull hadde då eit møte med forfattaren Carl Keilhau som på den tida sat i Centralstyret i Riksmålsforbundet. Både Bull og Keilhau sa seg viljuge til å tøya seg langt, men Keilhau melde kort tid etter at det ikkje var von om å få sine “meningsfeller med på noe som smakte av en virkelig avspenning”<sup>16</sup>. Riksmålsrørsla var på denne tida inne i sin mest aktive periode. Formannen Arnulf Øverland reiste landet rundt i 1954-55, og dei vann viktige sigrar i stridar med skulestyre, departement og forlag.

Det skulle no gå sju år før det var ny kontakt mellom Bull og Riksmålsforbundet. I våren 1962 møtte Bull Ebba Haslund på Stortinget der ho sat som vararepresentant for John Lyng. Sidan Haslund “i alt vesentlig delte riksmålsbevegelsens saklige standpunkter”, men var “fullstendig fri for lederens hatefulle utilnærmeleghet”, såg Bull på henne som ein diplomatisk innfallspunkt til Riksmålsforbundet.

Fyrste samkoma var 24. august 1962 heime hjå Ebba Haslund. I tillegg til Haslund og Bull, var Andre Bjerke (viseformann) og J.B. Hjort (formann) frå Riksmålsforbundet der. Bull var overraska over at det var mogleg å få Hjort i tale, han som både hadde ei nazistisk fortid og ei tysk adelsdame til mor. Men Hjorts “aristokratiske dyder” berga han (!)<sup>17</sup>.

Våren 1963 vart dei politiske partia bedne inn til landsmøtet i Riksmålsforbundet 25.-26. mai på Hanke (eller ‘Hankø’ som øya heiter på riksmål). Svenn Stray (H), Ole Rømer Sandberg (Sp) og Trygve Bull (Ap) møtte. Denne invitasjonen var truleg eit resultat av kontakten mellom Bull, Bjerke, Hjort og Haslund året før<sup>18</sup>. Den konkrete saka dei var bedne inn til, var eit privat lovframlegg om skriftleg opplæringsmål i folkeskulen, men Bull let seg ikkje hefta av dei snevre råmene, og han “benyttet sitt første møte med en riksmålsforening til å utrede hele sitt syn på sprogsaken”<sup>19</sup>. Av Landsmøtereferatet (s.9) går det fram at “den etterfølgende debatt sprengte snart de rammer som var forutsatt”. Innleiaren frå Riksmålsforbundet, Aksel Lydersen, avslutta med von om at ein kunne møtast til “nye samtaler” - semje eller ikkje.

Dei fyrste signala om offisiell kontakt kom 6. november, omlag ei veke etter Smebye-dommen i Oslo Byrett<sup>20</sup>. Då hadde Morgenbladet “...sondert stemningen i de forskjellige sprogleire” og hadde kome til at departementet ikkje ville anka byrettsdomen. Vidare hevda Morgenbladet at “...samtaler vil finne sted mellom

representanter for riksmålet og samnorsken”<sup>21</sup>.

Det første offisielle møtet kom i stand 2. desember 1963. Møtet vart halde på kontoret til stortingspresidenten, og deltakarane var Aksel Lydersen og Margrete Aamot Øverland frå Riksmålsforbundet. Frå Stortinget møtte Lars Ramndal (V), Einar Hovdhaugen (Sp), stortingspresident Langhelle og Trygve Bull. Møtet var sonderande, og utfallet vart at nynorsk- og riksmålsrepresentantane kvar for seg skulle setja opp problema dei meinte det var mogleg å løysa<sup>22</sup>. Planen var å halda eit nyt møte i januar 1964.

## 2.5 INITIATIVET TIL STATSRÅD SIVERTSEN

Dette møtet vart det aldri noko av. 20. desember gjorde undervisningsministeren Helge Sivertsen (Ap) opptaket til å setja ned ei nemnd, og Riksmålsforbundet gjekk med på å utsetja nærare drøftingar sidan dei hadde fått to representantar i nemnda. Sivertsen på si side hadde hatt kontakt med formannen i Riksmålsforbundet, J.B. Hjort, der han hadde drøfta både mandatet og samsettjinga til nemnda. Hjort kravde minst to riksmålsrepresentantar i nemnda, ein frå Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur, og ein frå Riksmålsforbundet. Akademiet gjorde framlegg om Gorgus Coward, og Arbeidsutvalet i forbundet innstilte Aksel Lydersen. Etter dette drog Hjort, Coward og Lydersen i møte med statsråden for å diskutera nemnda, og det vart slik Hjort ville. Både Lydersen og Coward kom med i Språkfredsnemda (Vogt-komiteen). Smebye-domen i oktober var nok den direkte årsaka til at Sivertsen fekk sett ned nemnda<sup>23</sup>. 31. januar 1964 vart ‘Komitén til å vurdere språksituasjonen m.v.’ sett ned ved kongeleg resolusjon.

## 3. MOTIVA BAK KURSENDRINGA

Kva la grunnlaget for denne målpolitiske snuoperasjonen i Arbeidarpartiet? Dei målpolitiske omsyna spela nok inn heile tida, men vel så viktig kom dei reine partitaktiske omsyna til å bli.

### 3.1 SPRÅKPOLITISK UTVIKLING

Det var ei nær tilknyting mellom dei målpolitisk leiande personane i Arbeidarpartiet og Noregs Mållag. I Mållaget vart den sterke samnorskfloyen etter kvart leiande, og mange av toppfolka i Arbeidarpartiet gjekk att i Mållaget (m.a. Helge Sivertsen, Kåre Fostervoll).

Samnorskpolitikken møtte sterkt motstand etter krigen og leid til slutt skipbrot. Optimismen i dei siste mellomkrigsåra vart avløyst av pessimisme og nederlagsstemning på grunn av den sterke attendegangen og den ofte billige hetsen mot samnorsken.

I målleiren stod det ikkje betre til. Åtaka på nynorsken og den store attendegangen i skulen førde ikkje til auka innsats for å redde målet, men tvert imot til rådloյse og tiltaksløyse. Medan riksmålsrørsla hadde bygt seg opp omlag frå berr bakke i 1945 til å vera ein slagkraftig organisasjon kring 1950, klarte ikkje Noregs Mållag å byggja seg opp att etter krigen. Mykje av årsaka til dette er å finna i den sterke kløyvinga i laget. Medan Riksmålsforbundet hadde kampen mot samnorskpolitikken og nynorsken å samla medlemer og sympatisørar ikring, var det sjølve samnorskpolitikken og 38-normalen som kløyvde mållaget. Sume av dei leiande mållagsfolka i mellomkrigstida hadde drive fram 1938-normalen og samnorskpolitikken innanfor Arbeidarpartiet (Arne Bergsgård, Halvdan Koht) medan leiinga i Noregs Mållag (Gustav Indrebø m.fl.) hadde kjempa så hardt dei kunna imot.

Dette hekk att etter krigen. Indrebø var gått bort, og 'i-målsfløyen' i målrørsla hadde såleis mist den uomstridde målhovdingen og samlingspunktet sitt. Nynorsken og målrørsla hadde òg mist monopolet på den nasjonale prestisjen i krigstida. Heilt sidan midt på 1800-talet hadde landsmålet vore det sterkeste symbolet på norsk fridomskamp, først mot Danmark, dinest mot Sverige. Målrørsla heldt fram den nasjonale sida sterkt heilt fram til krigen, men i 1940 vart målstriden lagt til side, og riksmålet vart dugande som motstandsmål og vann nasjonal prestisje på kostnad av nynorsken.

Dette saman med den djupe kløyvinga i målrørsla førde til at det ikkje let seg gjera å stabla på beina eit sterkt politisk grunnlag til forsvar mot åtaka frå riksmålshald. Klagemåla som vart reiste mot riksmålsreaksjonen frå mållagsfolka seier sitt: Han var 1) udemokratisk på grunn av vanværdnaden for folkevalde organ, 2) kulturelt uansvarleg fordi han i sin konsekvens ville utrydda ein viktig del av kulturarven, og 3) menneskeforaktande sidan han stempla folkemålet som vulgært og mindreverdig<sup>24</sup>. Utgangspunktet til målrørsla var altså ikkje serleg offensivt, og i samnorskfløya vart hovudmålsetjinga redusert til å berga mest mogleg av nynorsken over i "framtdinsnorsken" som nok ville koma til å byggja på bokmålet<sup>25</sup>.

Retretten til Arbeidarpartiet fall leiande mållagsfolk som Alf Hellevik, Sigmund Skard, Hartvig Kiran og Kåre Fostervoll tungt for brystet, og samnorskfløya i målrørsla kjempa i det lengste for at partiet ikkje skulle gå bort frå samnorskpolitiken.

I samband med striden om den nye læreboknormalen frå 1959 vart det klårt at Arbeidarpartiet var på vikande front i målspørsmålet. Dette førde til ei organisatorisk ny-ovring i målstriden. Ein flokk ungdomar med studenten Arne Kielland i spissen skipa organisasjonen 'Landslaget for Språklig Samling' 5. april 1959, og organisasjonen fekk raskt stønad frå samnorskantar i både målleirane. Landslaget tok sikte på å føra samnorskpolitikken vidare, og i 1966 gav laget ut eit framlegg til samlenormal som bygde på dei lovlege formene som var sams for bokmål og nynorsk.

Medan Landslaget rekna nyorienteringa til Arbeidarpartiet og seinare

---

Språkfredsnemnda som nederlag, var synet annleis mellom dei leiande språkpolitikarane i partiet, Trygve Bull, Helge Sivertsen og Hans Vogt. Den målpolitiske argumentasjonen bak tilnærminga til riksmålsrørsla var at denne nye politikken skulle ”skape en avspenning som igjen øker godviljen for nynorsken og dialekten, og derved øker mulighetene for at riksmålets skribenter frivillig øser av den rikdom som her foreligger”<sup>26</sup>.

Motiva til hovudpersonane er noko av det vanskelegaste og mest uvisse i sogneskriwinga. Men me kjem ikkje unna problemet dersom me stiller spørsmålet om Språkfredsnemnda stod for eit prinsipielt eller strategisk lineskifte i målpolitikken til Arbeidarpartiet. Ein av dei viktigaste aktøren, Trygve Bull, har heilt til i dag halde fast på at tanken hans bak snuoperasjonen var å få målstridsmennene opp or skyttargravene slik at det på nytt vart klima for å ta opp folkemålsformer i bokmålet. Dette kan ikkje kallast ei gravlegging av samnorskpolitikken, men ein ny strategi i arbeidet mot eit samnorsk mål.

### 3.2 PARTITAKTISKE OMSYN

Me kjem likevel ikkje utanom dei partitaktiske omsyna. Det kjem tydeleg fram at dei leiande målpolitikarane òg tok sterke omsyn til desse. Trygve Bull (1980:206) skriv:

*“Jeg hadde vært oppriktig bekymret for en politikk som i sine intensjoner vel var god (...) rett og slett kunne bety en fare for arbeiderbevegelsens hardt tilkjempede hegemoni i norsk samfunnsliv fordi den var blitt så klosset håndtert.”*

Når samnorskpolitikken kom i dårleg ljós og miste oppslutning, ville dette i sin tur gå utover populariteten til partiet.

Riksmålsforbundet var merksam på dette og nytta det medvite:

*“Ole Jacob Hoff [presemann frå Oslo Riksmålsforening, OLH] var facinert av Hjorts tanke om å presse vippekandidatene ved stortingsvalget; det lot seg sikkert gjøre. Det finnes et element av terror også i demokratisk politikk, minnet taleren om, - nemlig den redsel enhver politiker føler for ikke å få stemmer nok.”<sup>27</sup>*

”Terroren” var iallfall så effektiv at Arbeidarpartiet strauk ein samnorskparagraf frå partiprogrammet i 1960<sup>28</sup>.

Arbeidarpartiet hadde òg ein veksande indre riksmålsopposisjon å ta omsyn til. På landsmøtet i 1951 hadde 24 røysta mot framleggget om å skipa Norsk Språknemnd medan 95 røysta for. Ti år seinare, før stortingsvalet i 1961, vart Arbeidernes Riksmålsforening skipa i Vestfold. Laget skulle syta for at riksmålsfolk vart nominerte på Arbeidarparti-listene, og i fylgje formannen, Erling Granholt, vann riksmålsfolket ein kampvotering på nominasjonsmøtet på målpolitisk grunnlag<sup>29</sup>.

Opptaket til å skipa Språkfredsnemnda i desember 1963 var nok i stor grad par-

titaktisk motivert. Utspelet kom eit par månader etter Smebye-domen, og med denne domen mot seg, hadde partiet eit høve til å koma seg ut or den samnorske tvangstrøya utan å missa andlet. Opptaket kom frå partileiinga, og Trygve Bull som leiande målpolitikar i partiet fekk først høyra om nemnda dagen før ho vart sett ned i statsråd<sup>30</sup>.

### **3.3 RIKSMÅLSRØRSLA - LIKE STERK PÅ 60-TALET?**

Riksmålsrørsla var - innlysande nok - hovudfienden til Arbeidarpartiet og regjeringa.

Men var Riksmålsforbundet eit like stort trugsmål på byrjinga av 60-talet som på midten av 50-talet? Almenningen m.fl. (1981:126) skriv om språksituasjonen i 1963 at "Riksmålsorganisasjonane var framleis like aktive som før, og dei var framleis i stand til å drive massemobilisering - særleg av skuleungdom." Einar Haugen (1966:219) skriv òg at Riksmålsforbundet og Foreldreaksjonen i 1958-59 "...fortsatte sin virksomhet med usvekket intensitet".

På 50-talet hadde Riksmålsforbundet stor framgang. Medlemene strøynde til, og lokale riksmålsforeiningar skaut opp som paddehattar, serleg i nynorskommunar der det vart strid om skulemålet. Likevel er det mykje som tydar på at Riksmålsforbundet passerte toppen i 1958-59 og tapte terreng etter dette. Rett nok vart talet på foreiningar dobla på fire år (til 84, Sjå "Tilleggsberetning" om verksemda til forbundet dei første fire månadene av 1960). Men ein talar på landsmøtet i 1960 har eit poeng når han peikar på at det er oppført 19.000,- kr i kontingentinntekter når det er gjeve opp eit medlemstal på 33.000 (det vil seia 58 øre pr medlem)<sup>31</sup>.

Kring 1960 kjem ei indre politisk kløyving sterkare til syne i Riksmålsforbundet. Konsesjonane i samband med læreboknormalen av 1959 og sigrane i striden med departement og skuleverk gav meir og meir inntrykk av at striden var vunne, og dei tok frå forbundet fleire av dei sakene som hadde samla rørsla. På sume område var rørsla likevel meir aktiv enn nokosinne. Dei store foreldreaksjonane vart avløyst av rettssaker og ungdomsaksjonar. I 1954 "vann" rørsla forliket med Kyrkjego og undervisningsdepartementet om lærebokmålet. I Oslo Byrett i 1957 og Högsterett i 1960 tapte rett nok Forfatterforeningen av 1952 saka mot Forfatterforeningen, men i 1961 stadfestet Högsterett byrettsdommen i namnesaka. Denne saka avgjorde at bruksnamn ikkje kunne fornorskast utan samtykket til brukseigaren. Største sigeren likevel var Smedbye-dommen i Oslo Byrett hausten 1963. Lokalt var det òg rettssaker om skulemålet som riksmålsrørsla vann. Denne nye strategien fylgd opp av bokbål på gymnasa, gav inntrykk av at rørsla framleis var i beste velgåande trass i den indre oppløysinga som var i gang.

Viljen til diplomati og samarbeid gjev òg ein peikepinn om styrken til rørsla. I 1955 ynskte ikkje Riksmålsforbundet fredstingingar og kontakt med fienden (jfr. 2.4). Dette hende i den mest aktive perioden til rørsla. 7 år seinare var

Riksmålsforbundet lettare å få i tale. Dette hende på ei tid medlemstilgangen tok til å svikta og aktiviteten var på veg ned.

#### 4. SLUTTORD

Målsoga 1945 - 1964 har fleire interessante sider enn dei reint målpolitiske. Riksmålsforbundet bygde seg på få år opp til å vera ei verkeleg masse-rørsle, og denne rørsla la totalt premissane for den målpolitikken staten framleis fører. Den aktive rolla staten spela i målpolitikken i mellomkrigstida og dei fyrste etterkrigsåra vart avløyst av ei passiv rolle som vernar av "heile den norske språksituasjonen". Når ungane i dag lærer på skulen (og studentane på universitetet) at den norske to-språkstoda både er (det einaste) naturleg og ynskjeleg, kan det høva å minna dei på at dette ikkje har vore offentleg målpolitikk i meir enn 25 år.

Målsoga etter krigen er òg soga om korleis målpolitikken kan verta kasteball i rikspolitikken og partitaktikkeriet når heilt andre omsyn enn dei målpolitiske er dei avgjerande. Arbeidarpartiet gjekk både inn for samnorskpolitikken på 30-talet og vekk frå denne politikken på 60-talet av taktiske omsyn. Språkfredsnesnemda hjelpte både Arbeidarpartiet og dei andre partia ut or ei knipe - ved hjelp av Språkfredsnesnemda fekk dei målstriden vekk frå partipolitikken og Stortinget.

På overflata har språkfreden 'rasa' i 25 år. Ute mellom folk er målstriden likevel på langt nær gravlagd. På 70-talet kom målrørsla seg delvis frampå att gjennom dialektaksjonane. Riksmålrørsla endeleg fekk det dei var lova i Språkfredsnesnemda då Stortinget godkjende "liberaliseringa" i bokmål i 1981. Noko liknande har ikkje skjedd på nynorsksida. Tvert imot var læreboknormalen i 1959 ei vidareføring av samnorskpolitikken for nynorsken sin del, og denne utviklinga har halde fram til opp på 80-talet.

Dei siste kramptrekningane frå ei døyande riksmålrørsle var aksjonane mot sidemål på slutten av 80-talet som skapte bylgjer på mange gymnas og ungdomsskular. Målrørsla har etter kvart oppdaga at språkfred i teorien ikkje treng vera det same som språkfred i praksis. Som mindretalsmål har nynorsken vore under sterkt press i alle dei 25 siste åra. Ein liten oppgang i prosenten av elevar som nyttar nynorsk i skulen dekkjer ikkje over dei harde kåra nynorsken har elles i samfunnet. Dei siste åra har målrørsla synt seg meir aggressiv og arbeidd meir medvite for nynorsk og mot bokmål. Aktivismen er fylgd opp av ei ny ideologisering som har vraka restane av samnorsk tankegodset i målrørsla og den individualiserande talemålsideologien frå 70-talet. Ein del gamle nasjonale ideal er etterreist, og '(ny)norsk som einaste riksmål' har kome inn som parole att. I tillegg har blåse opp til ny EF-strid. Den førre gav målrørsla vind i segla og kveikte til ny målstrid.

Åra som kjem skal syna om språkfredspolitikken er liv laga eller om styresmaktene på nytt må på banen i målstriden. For eitt er sikkert - målstriden kan ikkje løysast, løynast eller avskaffast med byråkratiske tiltak.

## LITTERATUR

- Almenningen, Olaf m.fl. 1981: *Språk og samfunn gjennom tusen år*, Oslo-Bergen-Tromsø.
- Beretning 1942 - 1964: *Beretninger om Riksmaalsforbundets virksombet*.
- Bull, Trygve 1980: *For å si det som det var*, Oslo.
- Granholz, Erling 1966: *Arbeiderbevegelsen og riksmalet*, Riksmaalsforbundet, [Oslo].
- Haugen, Einar 1966: *Riksspråk og folkemål. Norsk språkpolitikk i det 20. århundre*, [Oslo].
- Jahr, Ernst Håkon 1976: "Halvdan Koht og språkstriden", *Mål* og *Makt* nr. 3-1976.
- Målreising 1981: *Målreising i 75 år. Noregs Mållag 1906 - 1981*, Oslo.
- Ordet*: Riksmaalsforbundets tidsskrift.
- Referat 1945 - 1963: *Referat frå landsmøta til Riksmaalsforbundet 1945 - 1963*.
- Skard, Sigmund [1963]: *Målstrid og massekultur*, Oslo 1985, tredje utgåva.
- Vinje, Finn Erik 1978: *Et språk i utvikling. Noen hovedlinjer i norsk språkhistorie fra reformasjonen til våre dager*, Oslo.
- Vogt-komiteen 1966: *Innstilling om språksaken*, Komiteen til å vurdere språksituasjonen m.v., Kyrkje- og undervisningsdepartementet.
- Vaagland, Per Ivar 1982: *Målørsla og reformarbeidet i trettiåra*, Oslo.

I tillegg er det nytta ein del arkivmateriale frå Riksmaalsforbundet 1939 - 1964.

## NOTAR:

1. Artikkelen er ei sterkt omskrive utgåve av ei semesteroppgåve til nordisk mellomfag, Nordisk institutt, Universitetet i Trondheim, hausten 1988.
2. Nemninga *Språkfredsnemnda* er henta frå Haugen 1966 (*Språkfredskomiteen*). Det offisielle namnet på nemnda var *Komiteen til å vurdere språksituasjonen og i tilfelle koma med framlegg til lovreglar og andre tiltak som kan tene til å samle krefter om å verne og utvikle norsk språk*, i byråkratisk målbruk avstytt til *Komiteen til å vurdere språksituasjonen m.v.* Nemnda har seinare gått under namnet *Vogt-komiteen* etter formannen Hans Vogt. Eg tykkjer likevel *Språkfredsnemnda* er meir dekkjande både ut frå føremålet med nemnda og verknadene av ho. Eg nyttar difor denne nemninga her.
3. Sjå t.d. Haugen 1966:139.
4. Sjå t.d. Granholz 1966: 56ff.
5. Jahr 1976:14. Sjå elles denne artikkelen om Koht og utviklinga av målpolitikken til Arbeidarpartiet fram til 2. verdskrigen.
6. Granholz 1966:62.
7. Tilhøvet mellom målrørsla og Arbeidarpartiet på tretti-talet er grundig omhandla i Vaagland 1982.
8. Gjeve att etter Haugen 1966:117.
9. Vinje 1978:366.
10. Haugen 1966:267.
11. Framstillinga byggjer heilt og fullt på dei opplysingane Trygve Bull (1980:205f) sjølv har kome med.

12. Sjå t.d. Haugen 1966:163.
13. Forliket galdt målet i lærebøkene. Foreldrebevegelsen hadde frå seinhausten 1953 køyrt ein aksjon der dei oppmoda foreldra om å retta samnorskformene i lærebøkene til riks-målsformer. Dei stemnde departementet inn for retten, og forliket vart offentleggjort 26. april 1954. Departementet gjekk då med på å gjodkjenne lærebøker med "moderate" former (Haugen 1966:181f).
14. Brevet er dagsett 19.2.64 og er attgjeve i Bull 1980:254.
15. Trygve Bull (1980:247) er einaste kjelda frå dette møtet. André Bjerke skriv i bokmeldinga av Bull 1980 at han ikkje kan hugsa noko slikt møte. Det går heller ikkje fram av Centralstyre- og Arbeidsutvalg-papira til Riks-målsforbundet at det har vore kontakt.
16. Bull 1980:247.
17. Bull 1980:247ff.
18. I fylgje Bull i samtale 19. november 1988.
19. Ordet 1963:231.
20. Statsmeteorolog Smebye hadde vorte nekta å nytta riks-mål i vermeldinga i NRK, og dette gjorde at han gjekk til sak mot Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Saka vart ei av dei store blest-sakene til Riks-målsforbundet, og det vart samla inn 53 000 underskrifter til støtte for Smebye. Han vann saka i Oslo Byrett.
21. Haugen 1966:229.
22. Bull 1980:250. Beretning 1964:17.
23. Opptaket til nemnda kom ovanfrå i partiet. Om statsministeren sjølv stod bak, er noko uklært. Trygve Bull (1980:258) skriv: "Jeg holder det for øvrig slett ikke for utenkelig at det var Einar Gerhardsen selv som hadde vært den egenhendige initiativtaker". Granholt (1966:89) meiner det var Sivertsen: "Det var statsråd Helge Sivertsen som unnfanget denne idéen om Sprøgfredskomitéen. Statsminister Einar Gerhardsen skrev til meg at det var Sivertsen som fremkastet idéen, men at han også sterkt rådet til å gjennomføre den."
24. Målreising 1981:235.
25. Den ideologiske manifesteringa av dette synet finst i Skard 1963.
26. Trygve Bull (1980:254) i brevet til Einar Haugen frå 1964.
27. Referatet frå landsmøtet i 1960.
28. Almenningen 1981:126.
29. Granholt 1966:84. Denne boka er eit propagangaskrift gjeve ut av Riks-målsforbundet nett for å freista overtyda arbeidarpartifolk om at riks-målet er arbeidarmålet framfor noko.
30. Bull 1980:252.
31. Referat frå landsmøtet 1960:9.